

Vestland fylkeskommune  
v/Kontrollutvalet

Kopi til:

Vestland fylkeskommune v/ fylkesrådmannen

## REVISORBREV 6- 2019

SF revisjon har avslutta revisjon av Sogn og Fjordane fylkeskommune sin årsrekneskapen for rekneskapsåret 2019, og har på bakgrunn av det gjeve ei normal revisormelding utan atterhald eller andre merknadar.

Vi tar her opp feil og manglar som ikkje er å sjå på som vesentlege for rekneskapet sin heilskap, men som er av ein slik karakter/storleik at vi meiner det er viktig at kontrollutvalet og leiinga i fylkeskommunen blir gjort kjent med dei.

Heimelen for at vi utarbeider dette nummererte revisorbrevet er § 4 i Forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner m.v.

### Sal av bustad

Med vising til rekneskapsskjema 2A og økonomiske oversikt investeringar vart det selt fire fylkeskommunale bustader samt ein ambulansestasjon til Bustadstiftinga ved fylkessjukehuset i Lærdal for 6 500 000,- utan at det ligg føre budsjettvedtak for salet i årsbudsjettet for 2019. Dette er i strid med retningslinjene i kommuneloven § 47 om Årsbudsjettets bindende virkning, pkt. 2 og 3. Skjer det endringer i løpet av budsjettåret som kan få betydning for dei inntekter og utgifter som årsbudsjettet bygger på skal den administrative leiinga gi melding til fylkestinget. Får fylkestinget melding etter nr. 2 skal det foretas nødvendige endringer av budsjettet.

Salsbeløpet vart i sin heilskape nytta til nedbetaling av gjeld ført i investeringsrekneskapen. Vi kjenner til at fylkesutvalet gjorde vedtak om saka i 2016.

Dette til orientering.

Leikanger 23.04.2020



Marianne Vara

Ansvarleg revisor